

ARKIVERKET
Postboks 4013 Ullevål stadion
0806 OSLO

Dato: 01.10.2018
Vår ref.: 2018/10444-9
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.: 2018/6261

Svar på tiltaksplan - oppfølging av pålegg 6

Vi viser til tilsynsrapport med pålegg frå Arkiverket, dagsett 21.08. 2018. Hordaland fylkeskommune har tidlegare sendt inn tiltaksplan. Denne fekk vi positive tilbakemeldingar på. Pålegg 6 - sikker oppbevaring av arkivmateriale - har frist 1. oktober for gjennomføring.

I sommar sendte fylkeskommunen inn dokumentasjon knytt til magasinerna i Fylkesbygget for å vise at desse er i samsvar med forskrifta.

Vi har i perioden 1. september til 28. september gjennomført eit stort flyttestrekk for å tømme magasinet i Wigandgården. Arkivmateriale her er flytta til magasinet på Årstad. Dette magasinet er i samsvar med krava i forskrifta.

Som eit alternativ til å gjennomføre ei risikovurdering for arkivmateriale i gang i 3. etasje i Fylkeshuset, har vi flytta dette til magasinet på Årstad.

Under finn ein foto som viser situasjonen pr. 1. oktober 2018. Vi vonar dette er god dokumentasjon, og ber om melding dersom ein vil ha meir/annan dokumentasjon.



Wigandgården



Gang Fylkeshuset



Wigandgården

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Elisabeth Bjørsvik
kst. fylkesarkivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Ingrid Kristine Holm Svendsen
Jostein Fjærestad